

Reglement for **FINANSFORVALTNING**



Skjåk kommune

Innhaldsforteikning

1	Innleiing og bakgrunn.....	2
2	Regelverk og formål.....	2
2.1	Heimel.....	3
2.2	Målsettingar	3
3	Risiko	3
3.1	Risikoprofil.....	3
4	Langsiktige finansielle aktiva.....	4
4.1	Avgrensing	4
5	Likvide midlar.....	4
5.1	Definisjon.....	4
5.2	Innskot i bank.....	4
5.3	Avgrensing plassering.....	5
6	Låneopptak	5
6.1	Vedtak om opptak av lån.....	5
6.2	Låneopptak rutinar	5
7	Fullmakter	6
8	Rapportering og kontroll	6
9	Avvik	7
9.1	Konstaterte avvik	7
9.2	Risikovurderingar	7
10	Kvalitetssikring	7

Finansreglement

1 Innleiing og bakgrunn

Alle kommunar skal utarbeide reglar for forvaltning av finans og gjeld, heretter omtala som finansreglement. Finansreglementet skal ivareta grunnprinsippet i kommunelova sin formålsbestemming om å legge tilhøva til rette for ein tillitsskapande forvaltning som bygger på en høy etisk standard og for en rasjonell og effektiv forvaltning av kommunale fellesinteresser.

Det er kommunestyret i Skjåk som vedtek finansreglement.

Kommunelova setter tre viktige rammer

- 1) Generelt forbod mot å ta vesentleg finansiell risiko
- 2) Oppnå tilfredsstillande avkastning.
- 3) Plikt til å utarbeide finansreglement.

Disse rammene legger til rette for at forvaltninga kan skje på en hensiktsmessig måte ut frå lokale behov, under forutsetning av at dette vert gjort forsvarleg. Plikten til å utarbeide finansreglement plasserer også ansvaret for forvaltninga tydeleg hos kommunestyret sjølv. I dette ligger det at kommunestyret blant anna må ta stilling til kva som vil være en tilfredsstillande med omsyn til avkastning, risiko og forvaltning av gjeld.

Reglementet gjeld for Skjåk kommune og samarbeid som Skjåk er vertskommune for, jamfør kommunelova kapittel 17-20. Reglementet trer i kraft frå vedtaksdato. Finansreglementet skal endrast ved behov.

Reglementet definerer dei avkastnings- og risikonivå som er akseptable for plassering og forvaltning av likvide midlar og midlar meint for driftsformål, opptak av lån, gjeldsforvaltning og plassering og forvaltning av langsiktige finanzielle aktiva.

2 Regelverk og formål

Bestemminga om at kommunane skal forvalte finanzielle midlar og gjeld på en måte som ikkje inneber vesentleg finansiell risiko, blant anna slik at betalingsforpliktingar vert innfridd ved forfall, er tatt inn i kommunelovas § 14-1, 3. ledd.

Ifølge kommunelova § 14-2, e) skal kommunen ha eit finansreglement.

Kommunelova § 14-13 angir plikter knytt til finansforvaltninga, rapportering og dokumentasjonskrav overfor avtaleparten. Finansreglementet skal innehalde bestemmingar som hindrar kommunen i å ta vesentleg finansiell risiko i finans- og gjeldsforvaltninga, og som sikrar at løypande betalingsforpliktingar vert innfridd ved forfall, jamfør kommunelova § 14-13.

Det er viktig at et reglement tilpassast den kompetanse og ressursbruk som vurderast høvesvis for en kommune å bruke på finans- og gjeldsforvaltninga.

Forskrift om garantiar og finans- og gjeldsforvaltning i kommunar og fylkeskommunar kapittel 2, setter krav:

- til innhaldet i finansreglementet
- om kvalitetssikring av finansreglementet og rutinane for finans- og gjeldsforvaltninga
- til innhaldet i kommunedirektørens rapporter til kommunestyret og fylkestinget

2.1 Heimel

Reglementet er utarbeida med bakgrunn i:

- *Lov om kommunar og fylkeskommunar av 22. juni 2018, § 14.2*
- *Forskrift om kommunars og fylkeskommunars finans- og gjeldsforvaltning, kunngjort 18.11.19 (FOR-2019-11-18-1520)*

2.2 Målsettingar

- Bidra til best mogleg tenestetilbod for innbyggjarane i Skjåk kommune
- Sikre at kommunen til kvar tid er likvid, betalingsdyktig og lite eksponert for risiko
- Finansiere vedtekne investeringar med best mogleg vilkår
- Forvalte ledig likvide middel slik at dei gjev best mogleg avkastning, med låg risikoprofil
- Finansforvaltninga skal utøvast i samsvar med gjeldande lover og regelverk, samt god forretningskikk
- Kommunen skal unngå selskap og plasseringar der forretningsidé og etisk standard kjem i konflikt med kommunen sin etiske standard.

3 Risiko

3.1 Risikoprofil

Kommunen skal ha ein låg risikoprofil med sokelys på avgrensa eksponering mot endringar i finansmarknaden. Låg risikoprofil inneber låg risiko for å påføre kommunen økonomiske tap.

- **Kreditrisiko:** Risiko for at kommunen ikkje for betalt attende sitt tilgodehavande ved forfall.
- **Likviditetsrisiko:** Risiko for at kommunen ikkje får betalt attende sitt tilgodehavande til rett pris i løpet av ei avgrensa tidsperiode.
- **Renterisiko:** Risiko for endringar av verdien på eigedelar, gjeld, eigenkapital og sikringsforretningar som følgje av renteendring.

- **Valutarisiko:** Risiko for endring i verdien på egedelar, gjeld, eigenkapital og sikringsforretningar som følgje av endringar i valutakursar.
- **Administrativ og operasjonell risiko:** Risiko for at kommunen internt, eller hos motpart i transaksjonar, ikkje har tilstrekkeleg kompetanse, bemanning, system, rutinar samt ressursar generelt til å implementere reglementet for finansforvaltning
- **Finansieringsrisiko:** Risiko for ikkje å kunne finansiere sine lânebehov

4 Langsiktige finanzielle aktiva

Langsiktige finanzielle aktiva har gjerne ein tidshorisont på 5 år eller meir, og vil til dømast gjelde plasseringar i aksjar og rentepapir. Kommunens aksjar og ansvarlege lân i ulike selskap som er næringspolitisk eller samfunnsmessig motivert omfattast ikkje av finansreglementet.

4.1 Avgrensing

Skjåk kommune skal ikkje investere i langсiktige finanzielle aktiva.

Det er berre kommunestyret som kan erverve og avhende langсiktige finanzielle aktiva.

5 Likvide midlar

5.1 Definisjon

Kommunen sine likvide midlar vil bestå av fylgjande delar:

Grunnlikviditet; som skal sikre det behov for likviditet som oppstår som fylgje av tidsforskjellen mellom inn- og utbetalingar. Kommunen skal til kvar tid halde ein grunnlikviditet som er like stor eller større enn forventa likviditetsbehov på kort sikt.

Overskotslikviditet; består av likvide midlar utover den nødvendige grunnlikviditeten.

5.2 Innskot i bank

Midla skal i hovudsak plassert som innskot, gjennom avtale med bank. Alternative plasseringar kan brukast dersom formålet er risikospreiing, det vil seie innskot i andre bankar.

Innskot kan være bundne på plasseringskonto eller konti med spesielt gunstige vilkår, bundne inntil 1 år, dersom kommunen ikkje har behov for likviditeten på kort sikt.

Ved val av hovudbank stilles det krav om minimum internasjonal kredittrating A- eller tilsvarende kredittvurdering.

5.3 Avgrensning plassering

- Skjåk kommune sine samla innskot i bank eller kreditinstitusjon skal ikke overstige 2 % av institusjonens forvaltningskapital.
- Plasseringar som innskot i lokal bank, Sparebank 1 Lom og Skjåk, skal ikke overstige 5% av institusjonen sin forvaltningskapital.

6 Låneopptak

6.1 Vedtak om opptak av lån

Kommunestyret fattar vedtak om opptak av nye lån i budsjettåret.

Forvaltning av kommunen sine innlån skjer etter retningslinjer i finansreglementet, og i samsvar med Kommunelova § 14-14 til § 14-17 om låneopptak.

Kommunen sine lån skal setjast saman slik at den overordna målsetninga for finansporteføljen blir realisert. Dette inneber at kommunen til kvar tid er likvid og betalingsdyktig.

Styringa av låneporteføljen skal primært gjennomførast slik at den ynskja utviklinga for kommunen sine finansutgifter blir realisert. På kort sikt skal det leggjast vekt på forutsigbarheit i renteutgiftene og på lengre sikt skal det leggjast vekt på lågast mogleg rentekostnad.

Generelt skal følgjande gjelde:

- Det kan også tas opp lån til refinansiering av eksisterande gjeld.
- Lån skal vere i norske kroner.
- Gjeldsporteføljen skal bestå av færrest mogleg lån.
- Storleik og løpetid og forfall vurderast i forhold til investering, eigne midlar, og anlegget si levetid.
- Lån kan være avdragsfrie i første halvårstermin.
- Renta er i utgangspunktet flytande, men kommunedirektør kan binde inntil 75 % av låneporterfylgje, dersom det er behov for å redusere renterisiko.

6.2 Låneopptak rutinar

Låneopptak skal skje i samsvar med kommunestyrets sine vedtak om opptak av lån, fortrinnsvis gjennom budsjettvedtaket kvart år.

- Tidspunkt for låneopptak vert vurdert opp mot likviditetsbehov.
- Den maksimale avdragstida på kommunens samla gjeld skal være i samsvar med vedtak og gjeldande regelverk for minimumsavdrag.
- Det skal innhentast konkurrerande tilbod, dersom det er flere aktuelle tilbydarar.
Startlån vert teke opp i Husbanken.

7 Fullmakter

Kommunestyret skal vedta finansreglementet, også endringar i finansreglementet i tråd med gjeldande lover og forskrifter, ramme for årets låneopptak og ramar for forvaltning av finansielle aktiva for driftsformål og langsiktig aktiva.

Innanfor dei generelle retningslinene som fylgjer av dette dokumentet blir desse fullmaktene delegert til kommunedirektøren.

- Gjennomføre opptak av lån etter lovleg fatta vedtak av kommunestyret.
- Gjennomføre refinansiering av eksisterande lån
- Godkjenne renteføresetnader på lån
- Inngå avtale om konsesjonskraft
- Underskrive avtaler med banken ved opprettning av kredittkort og innkjøpskonto

Kommunedirektøren har ansvar for at det blir etablert tilstrekkelege rutinar for finansforvaltning.

8 Rapportering og kontroll

Dei ordinære årsmeldingane skal innehalde ein eigen forklaring på korleis kommunen sin finansportefølle har vorte forvalta i det aktuelle rekneskapsåret. Vidare skal vesentlege endringar i samansetjinga av finansporteføljen, risikoprofil og avvik kommenterast.

I tertialrapporteringa skal det fortrinnsvis leggast vekt på rapportering av avvik i høve til reglement og budsjettføresetnadar, men og endra risikoprofil i høve til plasseringar.

Utviding av rapportering skal vurderast dersom Skjåk kommune endrar samansetning av plasseringar eller risikoeksponering.

Rapportering knytt til årsavslutning skal vere samanliknbar med ramane i dette reglementet og omfattar:

Aktiva:

- Samansetting av plasseringar i bank, rentepapir og andelar i rentefond.
- Avkastning, løpetid og varighet/gjennomsnittleg rentebinding.
- Marknadsverdi på plasseringar i rentepapir/rentefond.
- Vesentlege marknadsendringar.
- Endringar i risikoeksponering.
- Avvik mellom faktisk forvaltning og krava i finansreglementet.

- Marknadsrenter og eigne renteføresetnader.

Passiva:

- Oversikt over låneporteføljen med gjennomsnittleg rente, lengde og samansetjing av låneporteføljen – lån med fast- og flytande rente.
- Verdi på låneporteføljen.
- Vesentlege marknadsendringar.
- Endringar i risikoeksponering.
- Avvik mellom faktisk forvaltning og krava i finansreglementet.
- Marknadsrenter og eigne renteføresetnader.

9 Avvik

9.1 Konstaterte avvik

Når avvik vert konstatert mellom faktisk finansforvaltning og finans- og gjeldsreglementets rammer, skal slikt avvik lukkes så raskt som mogleg, ut i frå ei vurdering av økonomisk risiko og tap.

Avviket og eventuelt økonomisk konsekvens av avviket skal, utan ugrunna opphald, rapporterast til kommunestyret. I tillegg skal kommunedirektøren kome med forslag til rutineendringar, som vil redusere sjansar for slike avvik i framtida.

9.2 Risikovurderingar

Endringar i faktisk rentesats, rentegrunnlag og netto renteutgifter vert vurdert, og eventuelt rapportert ved vesentlege avvik.

10 Kvalitetssikring

Finansforskrifta pålegg kommunestyret å la uavhengig instans med tilstrekkeleg kunnskap om finans- og gjeldsforvaltning å vurdere om finansreglementet legg opp til ei forsvarleg forvaltning, i samsvar med kommunelova §14-1 tredje ledd og som oppfyller krava i §14-13, første ledd, første punktum og forskrifta §6. Vurderinga skal føreligge før finansreglementet blir vedteke av kommunestyret.